

# SENTRUMSSTRATEGI FOR ÅGOTNES

## RAPPORT FRÅ IDÉDUGNAD


18.02 - 25.02




Ågotnes senter




Ågotnes senter



Eksempel fra Sande i Vestfold



Eksempel fra Ulsteinvik



### Kommunedelplan Ågotnes



**Fjell Kommune**  
Plan og utbyggingssjefen



Eksempel fra Sande i Vestfold



## Innleiing

Arbeidet med kommunedelplan for Ågotnes har kome til eit punkt der tida er mogen for å sette ljøs på den mest krevjande staden i planen, Ågotnes sentrum. Dei overordna føringane for nytt Sotrasamband ligg føre, men utan at det er fatta noko formelt vedtak. Tida er inne for å kome med framlegg til kryssløysingar og samspelet mellom det overordna og det interne vegnettet. Arbeidet med kommunedelplanen har synt nokre overordna kvalitetar i natur og landskap som må festne seg i kommunedelplanen. Eit framtidig sentrumsområde peika seg ut og utbyggjar er utolmodig med å kome i gang. Samstundes må det skapast gode tilhøve mellom dagens tendensar til sentrumsstruktur og det nye senteret. I og med at realisering av nytt Sotrasamband kan ta tid, er det viktig å tenke seg ei trinnvis utbygging.

Dette var, i grove trekk, bakteppet for ein idedugnad som fant stad mellom 18 og 25 februar. Alle interessentane vart inviterte til å kome med sine synspunkt og behov på eit ope møte den 18 februar. Ei gruppe fagfolk med blanding av offentlege tenestemenn og konsulentar for private interessentar arbeide intenst i ei veke og la fram resultatet i eit nytt ope møte den 25 februar. Framlegg til plan for vart justert som følgje av dette møtet og fremja for den politiske styringsgruppa i møte den 11 mars 09. Den politiske styringsgruppa slutta seg til framlegget som er fremja i denne rapporten som Konklusjon. Denne konklusjonen skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen og med reguleringsplan(ar) for Straume sentrum.

Fjell kommune vil takke alle som har tatt del i idedugnaden. Utan deira aktive deltaking hadde vi ikkje kome fram til ein konklusjon som so langt har fått god politisk støtte. Vi vonar samstundes at alle som tok del i dugnaden og vil vere aktive når sjølve kommunedelplanen eller reguleringsplanar vert fremja til offentleg høyring.

Hans-Jacob Roald  
Leiar arealplan

### Planteamet:

Maria Molden, Cubus arkitekter	(MM)
Kjell Ove Hjelmeland, Norconsult	(KOH)
Terje Faanes, Statens Vegvesen	(TF)
Helge Hopen, Trafikkplanleggar	(HH)
Øystein Skofteland, Fjell kommune	(ØS)

Rapporten er framstilt av Øystein Skofteland

Framsidedilte:  
Hans Jacob Roald, Øystein Skofteland og  
Cubus arkitekter




## Bakgrunn

I planprogram for kommunedelplan Ågotnes er utvikling av sentrumsområdet eit viktig tema. I den gjeldande kommunedelplanen for Ågotnes frå 2000 blei det lagt føringar og føresegn for heilskapleg utvikling av Sentrumsområdet. Utviklinga vart ikkje i tråd med desse føringane og 26.04.2007 fatta kommunestyret vedtak om å starte arbeide med planlegging av heile sentrumsområdet. Vedtaket førte til oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Ågotnes

Den politiske forankringa i arbeidet vert sikra ved at det blei oppnemnd ei politisk styringsgruppe med følgjande medlemmer:

- Geir Magne Bergtun, Frp, leiar
- Else M Johnsen Aase, H
- Gro Heidi Skoge, KrF
- Anita Heggholmen, Sl, nestleiar
- Per Aasmundseth, Ap



Skisse for arealbruk (05)

## Mål

Følgjande punkt er framheva i planprogrammet for Ågotnes under tema byromsstrategi, eit omgrep som seinare er formulert som sentrumsstrategi

- Gatenett
- Grøntstruktur
- Plassar
- Sikre offentleg tilgjenge
- Kollektivterminal
- Rammar for utbygging

Det vert og peika på sikring av estetiske kvalitetar og at sentrumsområdet bør stå i klar kontrast til industriområdet.

Målet for dette arbeidet er altså å legge rammar for ein heilskapleg utvikling av sentrumsområdet slik at det blir ein god og attraktiv møtestad i sentrum nummer 2 i Fjell kommune.

## Idédugnad:

Som ledd i arbeidet med kommunedelplan for Ågotnes foreslo administrasjonen å gjennomføre ein idédugnad for utarbeiding av ein sentrumsstrategi for Ågotnes. Den politiske styringsgruppa gav si tilslutning til dette forslaget. Idédugnaden skulle vere eit intensivt arbeid der fagfolk arbeida fram ei løysing for korleis sentrum kan utviklast. Idédugnaden vart gjennomført på følgjande måte:

### Onsdag 18.02.09

Interessentar, grunneigarar og næringsdrivande på Ågotnes vart invitert til å presentere sine tankar om korleis sentrum på Ågotnes kunne utviklast. Dette møtet hadde to hovudformål. Det eine var å skaffe seg eit inntrykk av kva for forventningar og ønskje brukarane på Ågotnes hadde, det andre var å opplyse om kommunen sitt arbeid og skape engasjement blant interessentane på Ågotnes.

### Torsdag 19.02.09

Planteamet jobba heile dagen med å kome med løysingar på korleis sentrum kan utviklast. Her vart det særleg lagt vekt på trafikksystem, særleg for gåande og syklende, grøntstruktur og overordna prinsipp for byggstruktur.

## Ågotnes Grendalag

Ågotnes Sentrum



Innspel frå Ågotnes grendalag

## NB!

Administrasjonen fekk kritikk frå somme instansar for kort frist for innspel til møtet 18.02. I den samanheng er det viktig å ha føre seg at idédugnaden i seg sjølve ikkje kan reknast som eit avslutta arbeid, der dei som ikkje deltok har mista sitt høve til påverking av prosessen.



Innspel frå Niggdegrupperen eigedom as.




Innspel frå Niggdegrupperen eigedom




Onsdag 25.02.09

## Trafikksystem

Plangruppa sitt arbeid med sentrumsstrategien vart presentert på Ågotnes skule. Trafikkplanleggjar Helge Hopen presenterte eit utdrag av trafikkanalysen for Ågotnes, som peiker på utfordringar for trafikksystemet på kort og lang sikt. Figurane syner korleis trafikksituasjonen kjem til å endre seg med ny hovudveg, at barriereverknadar flyttast og at løysinga på lang sikt, betre sorterar mellom lokaltrafikk og trafikk til og frå CCB.



Trafikksystem på kort sikt (HH)




Trafikksystem etter ny hovudveg (HH)

Terje Faanes frå Statens vegvesen presenterte ei mogleg løysing på trafikksystem med ny hovudveg. Figuren syner eit toplanskryss sør for det nye sentrumsområdet og ei stor rundkjøring i nord ved CCB. Skissa syner og ein sekundærvegløysing gjennom det nye sentrumsområdet som skånar haugen sør for det nye bygget. Denne løysinga legg seg så nært opp til nybygget at den planlagde plasseringa av helsehuset må vurderast.

Vidare synar skissa at ein kanskje kan velje fleire overganger over ny hovudveg framfor eitt dyrt miljølok.

Det er og verdt å merke seg dei stipla strekane som illustrerer gang/sykkel traséar.



Skisse for mogleg trafikkløysing (TF)




**Onsdag 25.02.09**

### Sentrumsstrategi

Illustrasjonane på denne sida syner hovudgrepa i sentrumsstrategien.

Tre grep er verdt å framheve. Det første er etableringa av ein gjenomgåande hovudgate, der bygg må utførast med opne fasadar ved gateplan og fasadene må trekkast heilt ut til gatelivet

Det andre grepet er etablering av ein plass i kvartalet nord for sentrumsbygget som er under oppføring. Her kan ein lokalisere busstopp og andre samlande funksjonar.



Framlegg til sentrumsstrategi(MM)



Hovudgate og samlingsplass (MM)

Figuren til høgre er ein 3D framstilling av ein tenkt utvikling på Ågotnes. Denne figuren viser at hovudgata legg seg gjennom den omtala haugen, men tek dermed vare på lokaliseringa av helsehuset.

**Møtet onsdag 25.02 blei avslutta med ein debatt der lokalisering av helsehuset blei satt opp mot vern av haugen i bakkant av området.**

Administrasjonen i fjell kommune ønska eit møte med den politiske styringsgruppa i etterkanr av idédugnaden for å kunne konkludere med eit samla grep.



3D skisse av sentrumsstruktur (KOH)

Denne plassen kan for eksempel utformast slik at den henter fram designelement frå industriområdet slik at plassen og sentrum som sådan blir unik og skapar identitet.

Det tredje grepet som er verdt å trekke fram er eit grøntdrag parallelt med hovudgata som bind saman Eldresenteret på Kvednatunet og dei grøne kvalitetane ved Vardakleivvatnet.



Plangruppa kom fram til at ein bør legge opp til å bevare den haugen som ligg i bakkant av nybygget slik at ein kan skilje mellom sentrumsgata og grøntområdet ved Vardakleivvatnet.



## Konklusjon

I møte onsdag 11.03.09 gav den politiske styringsgruppa, ordførar Lars Lie og Inge Ree si tilslutning til sentrumsstrategien som prinsipp. Dette etter at figuren på neste side vart presentert som eit svar på den diskusjonen som fann stad etter presentasjonen 25.03 på Ågotnes.

Figuren syner dei same grepa som før, men hovudgata legg seg slik at ein tek vare på haugen i sør samstundes som ein gir plass til eit helsehus aust for Torvhusbakkane (nybygget).



Sentrumsstrategien legg grunnlaget for ei trinnvis utbygging av Ågotnes sentrum. Hovudmålsetjinga for utviklinga av sentrum på Ågotnes er å skape ein samlande stad for alle som bur, arbeider og vitjar nordre Fjell.

Strategien skal nyttast som bakgrunnsmateriale for arbeidet med kommunedelplanen og målet må vere at planføresegna reflekterer denne strategien slik at dei som skal utvikle området har eit føreseieleg verkty for planlegging og gjennomføring.

For at prosjektet skal lukkast må det vere brei semje om at dette er rett strategi og ein må vere tru mot hovudprinsippene i den vidare detaljplanlegginga av det nye Ågotnes sentrum.


Administrasjonen vil takke planteamet for fleksibilitet og god innsast i ei kort men intensiv arbeidsøkt. Me vil og takke grunneigarar og næringsdrivande på Ågotnes for at dei kunne stille på kort varsel å kome med nyttige innspel. Særlig vil me takke Sotra trelast for godt samarbeid i prosessen, og Ågotnes grendelag for ein sær inspirerende presentasjon av Ågotnes sentrum som den samlande brikka i puslespelet.

Administrasjonen i Fjell kommune vil oppmode alle som var med på Idédugnaden og alle andre interesserte på Ågotnes om å delta aktivt i den vidare planprosessen.





# KONKLUSJON MARS 2009




Overordna sentrumsstruktur, Maria Molden arkitektgruppen Cubus. For Fjell kommune







# Sentrumsstrategi for framtidig regulering av Ågotnes sentrum, målestokk 1:1000



## Viktige grunnleggende prinsipper for stedsutviklingen






Fjell kommune  
23.05.2011





Perspektiv fra parken mot bebyggelsen



Prinsippielle snitt gjennom området